



VEDTEKTER

Kystgeit er av Norsk Genressurscenter og Genressursutvalet, definert som ein nasjonal bevaringsverdig husdyrrase. Sjølv om talet dyr har auka dei siste åra er det framleis eit stort behov for å auke populasjonen.

Målet med avlsarbeidet er å ta vare på særpreget og mangfaldet til rasen i samsvar med rasestandarden og tradisjonen med det spesielle dyrehaldet.

Avle fram dyr med eigenskaper som er tilpassa formål for rasen som beskrive i Rasestandard for Kystgeit.

Avle fram ei sunn og funksjonsdyktig geit i tråd med god dyrevelferd.

§ 1. KYSTGEITLAGET SITT FORMÅL.

Arbeide for å bevare Kystgeitstammen så rein som mogeleg. Ta vare på dyrematerialet og mattradisjonane som kjem av desse dyra.

Stå for sal av livdyr frå medlemmane til kjøparar rundt om i landet som har fått løyve frå Mattilsynet til å kjøpe livdyr.

Stad Kystgeitlag vart stifta 1. juli 2000. Organisasjons nr: 984 276 079.

Bankkonto nr: 3790.11.15606.

§ 2. MEDLEMSKAP.

Alle som har Kystgeit som er rasegodkjende, eller vil starte opp med det, kan verte medlemmer. Det same gjeld dei som har interesse for mattradisjonane.

Det er krav om å ha godkjend helsestatus i besetninga.

§ 3. STYRE.

Styret vert vald av årsmøtet og består av leiar, nestleiar, kasserar, skrivar og styremedlem. I tillegg skal det vere to varamedlemmer, to revisorar og to til valnemnd.

Leiar vert vald kvart år, dei andre for to år.

Styret representerer Kystgeitlaget utover. Styremøte vert halde når formannen meiner det trengst, eller når minst to av styremedlemmene krev det. Styret er vedtaksført når minst tre medlemmer er til stades. Styret sine oppgåver er:

Ta seg av den daglege drifta av laget ved å sjå til at økonomien er i orden. Gjennomføre vedtak gjort av årsmøtet. Legge fram årsmelding, rekneskap og budsjett for årsmøtet. Sjø til at medlemmane føl vedteken: *Avlsplan for Kystgeit* og *Rasestandard for Kystgeit*.

Setje opp bukkeringen i samsvar med vedtektene for bukkeringen. Ha kontakt med medlemmane ved medlemsmøter og gardsbesøk. Ansvar for drifta av heimesida

Styret kan ikkje gjere vedtak om investeringar som ikkje er vedteke av årsmøtet i samband med budsjett og framdriftsplan. Det skal skrivast møteprotokoll.

Tre av styremedlemmane har ansvar for godkjenning til låst rasekode i Ammegeitkontrollen.

§ 3. ÅRSMØTE.

Årsmøtet er laget sin høgaste myndigheit. Årsmøtet skal haldast ein gong for året, seinast ved utgangen av februar. Innkallinga skal vere skriftleg med 14 dagar varsel.

Forslag til saker skal vere styret i hende innan utgangen av februar. Ekstraordinært årsmøte kan haldast når styret finn det nødvendig, eller når minst 1/3 av medlemmene krev det. Kravet skal vere skriftleg og underteikna av medlemmene. Møtet må då haldast seinast ein månad etter at kravet er presentert.

Årsmøtet er vedtaksfør etter fleirtalsprinsippet uavhengig av kor mange av medlemmane som er til stades.

Alle betalande medlemmer har stemmerett. Avstemming skjer ved personleg frammøte, eller det kan gjevast skriftleg fullmakt til eit anna medlem. Alle medlemmer kan veljast til verv og oppgåver i laget. Berre saker som står på saklista kan handsamast.

Saklista skal som minimum ha fyljande saker:

1. Årsmelding
2. Revidert rekneskap med revisjonsmelding
3. Budsjett, framdriftsplan
4. Fastsetting av kontingenten for medlemmer.
5. Val, jfr. § 3 pkt. 1

Det skal skrivast møteprotokoll, som vert gjort tilgjengeleg på heimesida til laget

§ 4. EKSKLUSJON.

Medlemmer som ikkje føl VEDTEKTER FOR KYSTGEITLAGET, eller REGLAR FOR KYSTGEITLAGET SIN BUKKERING, kan stengjast ute eller ekskluderast. Dette skal i tilfelle gjerast av årsmøtet etter framlegg frå styret.

§ 5. VEDTEKTER.

Endring av vedtektene kan berre gjerast av årsmøtet.

Vedtektene er vedteke i årsmøtet den 20.02.2019. Endringane erstattar VEDTEKTER vedteke på årsmøtet 25.02.2003 i sak 6.

Selje, 25.mar 2019.